

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-210	19/246

Saknr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
019/2019	Kommunestyret	PS	09.05.2019

Årsrekneskap 2018 - Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
REKNESKAPEN 2018_29.04.2019	02.05.2019
Revisjonsmelding 2018	02.05.2019
Rapport årsrekneskapet Masfjorden 2018	02.05.2019
2019 04 30 Særutskrift Masfjorden kontrollutval	02.05.2019
Søknad om ov erføring av ubenyttta midler i 2018	05.04.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen 2018 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.
Investeringsrekneskapen for 2018 er i balanse.
Driftsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 3 592 112,76.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :
a) kr 2.313.112,76 vert avsett til disposisjonsfond (drift)
b) kr.1.000.000 vert avsett ubundne investeringsfond
c) kr 279 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framlegging av 2018 rekneskapen til politisk godkjenning og i samsvar med «forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunar (og fylkeskommunar)».

Kommunen sine fristar innan dette området er omtalt i Forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 10. Årsrekneskap skal vera avlagt 15. februar og årsmelding innan 31. mars. Kommunestyret må vedta årsrekneskap og årsmelding seinast 6 månader etter utgangen av rekneskapsåret, d.v.s. seinast 30. juni.

§ 10. Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Uttale

Revisjonsmelding og rapport (følger som saksvedlegg) og uttale frå kontrollutvalet som særutskrift, samt ein søknad om overføring av unytta løyving – rammeområde barnehage, i alt 4 vedlegg er knytt til saka.

Rekneskapan framlagt for formannskapet i samband med møte 29.04., kontrollutvalet flytta møte frå veke 17, til den 30.4.2019

Fakta

Viser til rekneskapshefte 2018, med hovudoversikta – note – analyse. Saksvedlegg nr. 1.
Rekneskapan vart KOSTRA rapportert den 19.2.2019 og siste bokføring ferdigstilt 12.3.2019

Vurdering

Driftsrekneskapan viser eit overskot, og når ein held ekstra ordinære postar utafør går drifta samla i tilnærma balanse, men med til dels store sprik mellom rammeområda.

Investeringsrekneskapan mykje mindre enn budsjettert

Balanserekneskapan, her er det behov for nærare gjennomgang i 2019 av ein del postar

Det føreligg ein søknad om overføring av unytta løyving 2018 til 2019, denne tilrår ein vert vurdert nærare i samband med budsjettrevisjon i samband med tertialrapportane.

Ein tilrår å vidareføre etablert velferdstiltak med 1.000 pr. tilsett i 2019 og finansiert med årsoverskot 2018.

Ubundne investeringsfond har liten saldo pr. 31.12.2018, og tilrår å styrke dette fondet med 1 mill.kr. som disponering av årsoverskotet 2018

Største delen av årsoverskotet tilrår ein å sette av til disposisjonsfond (drift) med 2,3 mill.kr., og at ein kjem nærare attende til denne avsetjing i samband med budsjettrevisjon i løpet av 2019. Postar som er relevante å sjå denne posten mot er søknad om overføring av unytta løyving barnehage, lønsoppgeret i 2019 kor vi i budsjettet har sett av 2,5% i forventa lønsauke, medan resultatet vart

minimum 3,2%, eigenfinansieringsdel punktutbetaling veg (tildelt 3,1 mill.kr. i 2019 med krav om minst 20% eigenfinansieringsdel) som nokre relevante forhold, ryddejobb balansen (jf. revisjonsrapport for 2018, kap. 3) som del av kommunerekneskapen kan medføre føringa med resultatteffekt og som treng finansiering.

Konklusjon

Årsrekneskapen 2018 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2018 er i balanse.

Driftsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 3 592 112,76.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

- a) kr 2.313.112,76 vert avsett til disposisjonsfond (drift)
- b) kr.1.000.000 vert avsett ubundne investeringsfond
- c) kr 279 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.

Kommunestyret - 019/2019

KS - behandling:

Revisjonsjef Janne Eraker møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Årsrekneskapen 2018 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2018 er i balanse.

Driftsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 3 592 112,76.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

- a) kr 2.313.112,76 vert avsett til disposisjonsfond (drift)
- b) kr.1.000.000 vert avsett ubundne investeringsfond
- c) kr 279 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.